

Formannskap måndag

Bø formannskap har ordinært møte førstkomande måndag. Møtet byrjar med lukka utviklingssamtale med rådmannen, eigarmøte med Gullbring kulturleg og drøfting rundt revidering av finansreglementet. På sakslista står blant anna rullering av kommunedelplan for Lifjell og oppfølging av politiske vedtak i Bø kommunestyre i 2015.

Arrangerer barnedisko

Onsdag i neste veke kan barneskuleelevar i Bø og på Gvarv svinge seg i diskodans på Sagavoll folkehøgskule. Det er elevar ved folkehøgskulen som står som arrangør for diskoteket. Dei tek ein liten sum i inngangspengar og sel kioskvarer. Pengane som kjem inn skal gå til eit hjelpeprosjekt som skulen har i Aust-Afrika.

Treng tips til Same-dag

Bø vidaregåande skule skal arrangere Same-dag måndag 8. februar og vil gjere noko ekstra ut av læreplanmåla, med tverrfaglege opplegg og aktivitetar som kan gi kunnskap om ulike sider ved samisk historie, tradisjonar, kultur og levemåte. Skulen ønskjer derfor å få kontakt med folk i Bø og omland som har sterke røter i det samiske, og som kan gjere skulen innspel om til dømes klede, handarbeid, joik eller språk.

K



Vil bli invitert. Borgar Kaasa, Glenn T. Isaksen og Olav Kasland i forhandlingsutvalet inviterer til folkemøte i Gullbring 4. februar. Men dei kjem også på andre møte om nokon inviterer.

– Kom på folkemøte

– Det er folkeavstemming om kommunesamanslåing 10. april. Folk må gå og stemme, dette gjeld barna og barnebarna våre. Men det skal vere kvalifisert og kunnskapsbasert.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det seier ordførar Olav Kasland (V) og han har med seg varaordførar Borgar Kaasa (Sp) og opposisjonsleiar Glenn T. Isaksen (Ap). Dei tre er hjartans einige.

– Folkeavstemminga blir ekstremt viktig, seier Kasland.

– Eg ser at folk uttaler seg på grunnlag av følelsar. Følelsar skal ein ta alvorleg, men nokre fakta må ein få inn, meiner ordføraren.

Vil bli invitert på møte

Det er måndag denne veke. Dei tre er sikre på at dei kjem i land med å intensjonsavtalen litt seinare på dagen. No vil dei gjerne oppfordre folk til å skaffe seg kunnskap om kva avtala går ut på. Dei tre lovar seg bort, ikkje minst lovar dei bort ordføraren.

– Vil nokon ha oss på møte, så kjem me, seier dei.

Alle tre, men kanskje i størst grad Kasland, er klar til å bli invitert på møte av alle slag for å informere. Det vere seg i lesegrupper eller politiske lag.

– Me kjem så langt det er råd, seier Kasland.

Han bed om forståing for at han må ha litt tid på seg til å passe inn møte i planen.

Folkemøte 4. februar

Kor stor pågangen blir er dei tre litt usikre på. Kasland er spesielt usikker på korleis ein kan nå dei som er under 30 år. Han opplyser at det blir jobba med å finne ut korleis ein kan nå denne gruppa.

Det blir også kalla inn til folkemøte i Storsalen i Gullbring 4. februar. Då vil forhandlingsutvalet legge fram avtala. Dei kommunalt tilsette vil bli spesielt inviterte, dei er påverka både som innbyggjarar og tilsette.

I tillegg til møte vil det bli sendt ut informasjon i posten. Denne veke skal det sendast ut ei brosjyre om prosessen så langt. Seinare vil det kome ein brosjyre om intensjonsavtala.

og grensejustering

valet og tillitsvalde observatørar var denne gong samla på Årnes i Sauherad. Avtalen vart finlesen og dei siste punkta vart retta opp. Det var også på dette møtet økonomien i prosjektet vart omtalt. (Sjå eiga sak).

Nynorsk inn i planen

Mållaget har fortal ordførar Olav Kasland at det finst noko meir enn nynorsk kommunar, bokmålskommunar og nøytrale kommunar, og at ein nøytral kommune i praksis vil bli ein bokmålskommune. Alternativet kan vere ein tospråkleg kommune og gjen-

nom ein målbruksplan kan ein vedta korleis ein skal ivareta begge målformene.

– For eksempel kan dei einingane som er i Bø bruke nynorsk, sa Kasland i møtet.

Ordførar i Nome, Bjørg Tveito Lundefaret, var veldig skeptisk.

– Eg er redd for å binde oss i for stor grad. Det kan bli veldig negativt. Ein målbruksplan er å skuve det føre oss, meinte ho.

Tveito Lundefaret kallar det elles rådhus og ikkje kommunehus og nettopp at denne funksjonen er lagt til Bø gjer henne ek-

stra skeptisk. Til slutt sa ho ok til punktet, men understreka at det ikkje er automatikk i at rådhuset som ligg i Bø skal vere nynorsk.

Grensejustering

Mette Haugholt, ordførar i Sauherad, fekk også med at ein er positive til grensejustering aust i Sauherad, ei problemstilling me har omtalt i ei eiga sak frå folkemøtet på Hjuksebø.

Dessutan skal Sauherad-delen av kommunen kompenseres dersom landbrukskontoret i framtida blir flytt til Søve.